



Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Etne, 10.10.2017

Dykkar ref.: 2017/4336
Vår ref.: Arkivsaknr:17/1
Journalpostnr:17/9905
Arkiv: N - 000

Sakshandsamar:
OIV

Uttale frå Etne kommune til investeringsprogram for fylkesvegnettet til RTP 2018-2029

Etne kommune registrerer at tidlegare innspel til planprogram for fylkesvegnettet ikkje har gitt vesentleg uttelling når det gjeld investeringar.

Dette er lite tilfredsstillande når vi veit kor lite framkomeleg fylkesvegnettet er.

Etne er nemnt 5 stader i investeringsprogrammet:

- 1: Side 31 - Fv 48 Skånevik – Flesjå – uavklart finansiering
- 2: Side 46 - Fv 48 Kråkeskar tunnel – 12 mill. i perioden 2022 – 2025
- 3: Side 48 - Skånevik Ferjekai – 6 mill. i 2019
- 4: Side 48 – Litledalen bru – 1 mill. i 2018
- 5: Side 53 – Tilbakebetaling av forskot fortau sentrum – idrettshall – 15 mill. tilbake i 2021

Det viktigaste prosjektet for Etne kommune er tatt inn med uavklart finansiering. Dette gjeld Fylkesveg 48 frå Skånevik sentrum og austover til Flesjå. Dette er ei strekke som er under regulering og planane skal vere ferdig rundt årsskiftet 2017/2018.

Etne kommune meiner at dette prosjektet bør inn i investeringsprogrammet i perioden 2018 – 2029. Viss ikkje dette skjer, vert prosjektet ikkje prioritert før ETTER 2029. Dette er svært nedslåande.

Det er svært viktig at det gode transporttilbodet med snøggåten til/frå Skånevik og Ølen vert oppretthaldt.

Dette er grunnleggande viktig når det gjeld kollektivtransporttilbodet innan Sunnhordland og gir passasjerane høve til å komma seg raskt til og frå Bergen og Flesland. Etne kommune er særst nøgd med at snøggåten i Sunnhordland skal marknadsførast som eit reiselivsprodukt langs heile ruta.

Fylkesveg 34 mellom Skånevik og Etne treng opprustning.

Etne kommune vil understreka at det er rimeleg at Fv 48 blir ein del av det overordna vegnettet.

Elles er kommunen glad for dei andre prosjekta som er prioriterte i investeringsprogrammet, men det er ikkje til å underslå at Etne kommune er ein utkant i Hordaland som sjeldan vert prioritert i fylkeskommunal samanheng.

Frå Etne kommune si side er framleis Fv 48 høgast prioritert, då dette prosjektet er avgjerande for nærlingslivet i Skånevik.



Med helsing

Odd Inge Vestbø
rådgjevar plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Pål Nygård

Siri Klokkestuen